

## Sensor-rettleiing - NOR2340/NOR4340 - Sjangerstudium i nordisk litteratur A/C– haust 2023

Lyrikk – livet, kjærleiken og hatet

Basisdokument til sensorrettleiaren er emneskildring, pensum og Nasjonalt Fagråds generelle karakterskildring for faget nordisk litteratur på det aktuelle nivået.

Se «Beskrivelse av emnet», særleg punkta «Hva lærer du» og «Pensum»:

[NOR2340 – Sjangerstudium i nordisk litteratur A – Universitetet i Oslo \(uio.no\)](#)

[NOR4340 – Sjangerstudium i nordisk litteratur C – Universitetet i Oslo \(uio.no\)](#)

Se også Nasjonalt Fagråds karakteromtale:

[Fagspesifikke karakteromtaler nordisk - Universitetet i Oslo \(uio.no\)](#)

### EKSAMENSTEKST FOR NOR2340:

Du skal selv formulere en oppgaveordlyd for innleveringen. Disse vilkårene skal tas hensyn til:

- Sammenlign to etter flere dikt.
- Minst ett dikt skal være fra pensum på kurset. Det andre diktet/de andre diktene kan være fra ekstern kilde(r) – som er seriøse.
- Sammenligningen skal være basert på tema for dette kurset: dikt, formelle trekk, retorikk, følelser og eventuelt politisk, sosial, biografisk kontekst.
- Du får ikke skrive om dikt du allerede har omtalt i den obligatoriske innleveringsoppgaven.

Andre moment:

Oppgaveordlyden skal godkjennast av faglærer.

Studenten kan få rettleiing av faglærer på disposisjonsnivå.

Litteraturliste og attgjeving av dikta kjem utanom kravet om **ca. 7 sider** (Sitering/utdrag av diktene blir sjølvstalt med i kravet om sidetal)

**MERKNAD: Kravet sidetal på ca. 7 er feil med omsyn til retningslinjene for dette emnet. Det skal vera ca. 10 sider. Men i og med at 7 sider vart oppgjeve under kurset, bør sensor ikkje vera streng i dette formelle kravet.**

## **EKSAMENSTEKST FOR NOR4340:**

Sammenlign et dikt fra pensumlista til dette emnet med et dikt fra lista over vedlagte dikt.

Sammenligningen skal knyte seg til tema vi har arbeidd med i dette kurset, som sorg og lengsel; død og venleik; natur og modernitet; sosial kritikk.

Andre moment: Diktanalyse skal være basert på nærlesning med fokus på formelle og retoriske trekk. Samtidig skal diktanalysen være åpen for den sosiale, biografiske, eventuelt idéhistoriske konteksten

## **OM VURDERING AV BEGGE EKSAMEN:**

Eksamen er todelt: Kandidaten skal på den eine sida gjennomføre ei nærlesing med vekt på formelle og retoriske trekk. Formelle trekk handlar om forma på diktet: rim og rytme, sonetteform, frie vers, grafisk oppsett, etc. Metrisk skjema høyrer òg til denne kategorien, men i og med at metrisk skjema ofte kan vera vanskeleg å finne – særleg i moderne dikt (ca. etter 1900) og sidan dette berre er eit introduksjonskurs – er metrisk analyse ikkje eit nødvendig krav i dette kurset. Ein kan gjera ein god diktanalyse utan metrisk analyse. (Mange av dikta – då dikta i bunden form – på pensum har også eit blanda metrisk skjema). Retorisk analyse handlar om å lokalisere retoriske verkemiddel (figurar og tropar) i dikta. Lyrikk baserer seg i stor grad på retorikkens «patos». Kjensleaspektet ved poesi kjem til uttrykk gjennom dei retoriske/estetiske verkemidla kandidaten lokaliserer.

Den andre delen handlar om: politisk, sosial, biografisk kontekst. Her er det eit sprik i diktutvalet. Nokre dikt inviterer til ein biografisk kontekst, andre til ein politisk lesing av diktet/dikta, andre igjen til andre kontekstar.

Kjelder til formell og retorisk analyse finst på pensumlista. Det er ein fordel at kandidaten viser til desse kjeldene. Kjelder til sosial, politisk etc. kontekst er delvis lagt ut på Canvas, delvis nemnde i løpet av undervisningstimane. Dei kan vera av ulik art – avisartiklar og bokmeldingar er òg godteke for bruk. På dette punktet sprikjer pensum, for somme dikt kan lesast biografisk, andre politisk. Det er her difor valfridom for kandidaten til å finne sine egne kjelder.

Begge metodane – nærlesing med vekt på form og retorikk og kontekstualisering – skal vera med i analysen. Men det vil variere frå dikt til dikt kor vektlegginga mellom desse ligg. Somme dikt krev lang formell/retorisk analyse, medan konteksten kan utgreiast på ein mindre plass. Med andre dikt kan det vera omvendt. Det same gjeld den komparative analysen. Eit dikt kan krevja meir plass enn eit anna. Men det skal likevel vera ein rimeleg balanse mellom desse – slik at det kjem fram at kandidaten har arbeidd seriøst med begge tekstane.

I dette kurset har det vore stor vekt på studentaktiv læring. Studentane konstruere kunnskap og forståing gjennom eige arbeid, gjennom samtale i seminarrommet og gjennom diskusjon med undervisaren. Det er difor ikkje forventa at kandidaten skal sitja og gje att analysar frå litteraturhistorier. Vi har unngått «skjematiske» analysar der studenten skal «putte» dikt i rett «bås»: barokk, romantikk, modernisme. Men det på den andre sida lov å bruke termar som romantisk og modernistisk, men det skal ikkje utgjera fundamentet for analysen. Difor inneheld dette kurset òg mange dikt som ikkje er omtala i lærebøker. Det er difor òg toleranse for at studenten brukar egne ord og idear under diktanalysen – så lenge det kjem fram at kandidaten har arbeidd grundig med analysen.

Men analysen skal likevel vera på eit akademisk nivå. Nedanfor fylgjer difor retningslinjer studentane har fått til eksamen:

- Essayistisk / personleg stil versus akademisk stil – er mogeleg, så lenge de finn ein god balanse, men litteraturvitenskapen må forme fundamentet.
- Unngå lange generelle utgreiingar – som har lite med diktet å gjera.
- Det fungerer betre å analysere dikta kvar for seg og deretter jamføre dei i konklusjonane, enn å gjera det parallelt stegvis.
- Dikttittel i hermeteikn/gåsaugo «...»– og boktittel i kursiv
- Unngå vage setningar som «døden er både tema og symbol» i diktet.
- Ver så konkret som råd – kvar er metaforen i denne tittelen? «Årenes elskerinne» > elskerinne = personifikasjon av «årenes gang» / tida.
- Om usikker: Definer gjerne fagtermane og omgrepa medan du brukar dei.
- Bruk eksempel på kvar fagterm du brukar! Ikkje skriv at diktet har mange metaforar utan å gje døme
- Om bruk/ikkje-bruk av historisk-biografisk metode – argumenter for det med nokre setningar. Gjeld òg eventuelt andre metodar.
- Utdjup termar som «biletspråk» /«poetiske omskrivingar» – kva type biletspråk er det tale om? Metafor, metonymi / synekdoke, symbol, simile. Originale, «upoetiske» metaforar som «baderomsknagg» eller konvensjonelle, tunge symbol: «fortvilelsens sjø», «synenes mylder», «angstfylte myrer» (sentrallyriske ord).
- Diktformer (bunden form): ottava rima/oktave + særleg: sonetten! Dersom de analyserer ein sonette til eksamen utan å nemne at det er ein sonette, så blir det litt flautt...
- Komparativ analyse kan av og til kanskje gjera kontrasten større enn han verkeleg er? Hopps «Til en vaskemaskin» versus «Botheims «imitasjon».
- Unngå ein komparasjon av dikt som i grunnen har lite med kvarandre å gjera. Det kan gjera jobben vanskeleg og tung (men det finst likevel overraskande unntak, der komparasjonen går opp – Hofmo – Ringdal)
- Er diktet ikkje oppdelt i strofer / avsnitt – ikkje bruk ordet «strofe» på 10 verslinjer, men «dikt» på ti verslinjer.